

Abrahamsen, Jardar Eggelbø 2017. Når verktya endrar seg: hundre år etter fonemet.
Norsk læreren 1/2017, s. 214–219.

LNU 40 ÅR

NÅR VERKTYA ENDRAR SEG: HUNDRE ÅR ETTER FONEMET



JARDAR EGGESEN ABRAHAMSSEN

Fyrsteamanuensis i lingvistikk, NTNU

jardar.abrahamsen@ntnu.no





Fonemet fyller 100 år i 2017. Dei fleste som har studert språk, har lært om fonem, men i fonologisk faglitteratur i dag finn ein knapt fonemet nemnt. Her skal vi sjå litt forenkla på noko av det som har endra seg sidan fonemets glansdagar.

FONMET

Dei to lydane [t^h] og [d] er ulike nok til at dei kan skilje mellom tydingane til dei norskeorda [$t^h:i:$] 'ti' og [di:] 'di'. Då seier vi at desse lydane i norsk sorterer under ulike fonem, som vi gjerne kan transkribere praktisk som /t/ og /d/. Eit fonem har fleire allofonar, dvs. konkrete uttalar, som vekslar mellom å representera fonemet sitt. Til dømes har /t/ allofonar som [t^h], [t] og meir til, avhengig av nabolydar og plassering i ordet, og avhengig av presisjonsnivå i presentasjonen vår.

Termen «fonem» har tradisjonar heilt tilbake til 1870-talet, men med eit noko varierande innhald (sjå Dresher 2011 for ein gjennomgang). I vår moderne tyding har fonemet sterke band til strukturalistisk lingvistikk, og skal ha vorte brukt om lydfamiliar med diskretiv funksjon først gong den 4. mai 1917 av den vidjetne britiske fonetikaren Daniel Jones (1881–1967), jf. Jones (1967:260f).

Fonemet i denne tydinga har hjelpt oss med å skilje mellom konkrete lydar (fonetikk) og strukturane i lydsistema (fonologi), og er såleis ei uhøye viktig oppfinning i den språkvitskaplege faghistoria.

PROBLEM MED FONMET

Likevel dukka det snart opp problem med modellen. Eitt av dei mest kjende er nøytralisering, når to fonem vert uttalte på den same måten. Til dømes er /g/ og /k/ ulike fonem, og kan skilje mellom adjektivet *trygg* med [g] og imperativen *trykk* med [k]. Nøytralisering av denne fonemskilnaden oppstår når /g/ i *trygt* og /k/ i *trykt* vert uttalte likt som [k] pga. t-en som kjem etter dei: *Brannvesenet fekk katten [trykt] ned*. Eit problem her var at når skilnaden mellom to fonem vert oppheva, slik at dei høyrer like ut og dermed ikkje lenger i seg sjølv kan skilje mellom tyding, så kjem dette i kon-

flikt med korleis fonemet er definert og avgrensa som nettopp tydingsskiljande ulikskapar.

Ein fann løysingar på dette. Likevel fekk ein aldri heilt bukt med at skotta mellom fonema ikkje er vasselte. Om vi skal tillate oss å hoppe over detaljane: Til dømes vil ei stemtheitsveksling som i bøyninga *try[g] – try[g]e – try[k]t* (*trygg, trygge, trygt*) også handle om at ordet som del av bøyninga vekslar mellom to røter, fone-misk /tryg/ og /tryk/, eller eventuelt transkribert /tryg/ og /tryK/, der stor /K/ symboliserer eit nøytralisiert fonem. Vekslingu mellom dei to røtene /tryg/ og /tryk/ i ulike bøyingsformer kunne då reknast som ei vekslingu mellom ulike fonem, sidan /g/ og /k/ er forskjellige nettopp på foneminivået. Dette er det vi tradisjonelt kallar ei morfofonologisk vekslingu, for det handlar om eit samspel mellom morfologi og fonologi: Ordbøyninga fører til fonemveksling og dermed til at ordet vekslar mellom to fonologisk ulike røter. Så langt er alt vel.

Men på ei anna side finn vi samstundes den tilsvarende stemtheitsvekslinga mellom t.d. bergensk *tve[β]e* og *tve[χ]t* (*tverre* og *tvert*), med stemd og ustemd skarre-r. No har det seg slik at stemd og ustemd skarre-r berre er to uttalevariantar (allofonar) av eitt og same fonem /r/. Dette bergenske tilfellet ville då vere ei rein fonologisk avhengig uttaleveksling (også kalla allofonveksling), sidan stemd og ustemd skarre-r ikkje er separate fonem. Den morfologiske rota /tvær/ er altså fonologisk konstant, og har dei same fonema heile tida, berre med litt forskjellig uttale i dei ulike bøyingsformene, avhengig av korleis nabolydane verkar inn. Vekslingu i uttale av fonemet /r/ er dermed ei sak for fonologiske uttalerelativer som ikke kan skilje mellom de to variantane, og påverkar ikkje dei morfologiske forholda, sidan rota er fonemisk konstant.

Slike forhold skapte problem for analysemodellen. Eitt og same fenomen, i vårt tilfelle stemtheitsassi-

milasjon ved /t/, måtte forståast som to urelaterte prosesser, knytte til ulike nivå i språket: morfofonologisk fonemveksling i tilfellet «trygt», fonologisk allofonveksling i tilfellet «tvært». Og dette var berre eitt av problema med fonemmodellen, om enn kanskje det mest kjende problemet. Sjå t.d. Dresher (2011:256ff) og Carr & Montreuil (2013:79ff) for djupare drøftingar.

Slik gav då ei uheldbar forståing av korleis språk oppfører seg, og situasjonen hadde oppstått fordi modellen har eit fonemnivå mellom det leksikalske nivået (korleis orda er lagra i det mentale ordtilfangeset) og allofonnivået (uttalen). I løpet av 1960-talet førte dette oss over i generativ fonologi, med Chomsky og Halle (1968) som klassikaren. Kort sagt finst ikkje det mellomliggjande fonemnivået lenger. Røter som *trygg* og *trykk* er lagra mentalt, i den «underliggjande representasjonen», med sine respektive /g/ og /k/ (skråstrekk i formalismen tyder altså noko anna no enn tidlegare), men så kjem /g/ i visse fonologisk definerte situasjonar til overflata som [k], utan at dette får andre konsekvensar enn nettopp det.

SEGMENT ELLER IKKJE

Å avskaffe fonemnivået løyste ein del problem. Men fonologisk teori sleit framleis med ein annan arv frå faghistoria: segmentet. Eit segment er ei lydeining, i fonemmodellen altså eit fonem eller ein allofon. Tanken hadde vore at segmenta, fonologisk sett, kom på rekke og rad som klart avgrensa lydeiningar, omrent som bokstavar i alfabetiske skriftspråk. Kvart segment kan rettnok analyserast som oppbygt av massevis av såkalla trekk, slik som stemtheit, nasalitet og artikulasjonsstad, men desse trekkene held seg på plass innanfor det segmentet som dei utgjer.

Illustrasjonen her er ein tradisjonell såkalla trekkmatrise som viser fonologiske trekk som ein kunne rekne som involverte når vi skal lage segmentet /n/. Detaljane kan variere litt mellom analysane, og trekka har til dels andre etikettar enn den «stemde alveolare nasalen» som vi er vane med frå fonetikken. Men poenget her er at trekka held


+ konsonant
+ sonorant
- approksimant
+ nasal
- kontinuant
- lateral
+ koronal
+ anterior
- distribuert
+ stemt

seg samla og innanfor segmentet, at eit segment er eit segment, og ferdig med dét.

Det er berre det at språk ikkje oppfører seg heilt slik.

John Goldsmith kom med sin autosegmentale representasjonsteori i 1976, og sjølv om mykje i fagteorien har endra seg sidan den gong, er hovudbodskapen framleis: Segmentet er ikkje ein bunt med trekk som alltid høyrer saman. Trekk, til dømes nasalitet, stemtheit og artikulasjonsstader, samarbeider om å lage det som vi oppfattar som segment, men trekka kan også leve sine eigne liv. I staden for éin streng med ferdige og klart avgrensa lydar kan ein enkelt sagt rekne med parallelle og separate, men tidssamordna sjikt med lydbyggesteinjar, altså trekk. Dermed vert det klassiske segmentet litt tvilsamt.

Eit fenomen som illustrerer den sjølvstendige rolla til trekk godt, kan vere nasalar i lombardisk, eit romansk språk i Alpane, her Milano-dialekten. Vi skal sjå på korleis sjølve nasaliteten oppfører seg der, og skal ikkje bry oss om andre einskildtrekk (analysen min her er noko forenkla og utnyttar ikkje dei nyaste verktya, som ville ha gjeve ein nesten motsett prosedyre; takk til Jørgen G. Bosoni for milanesiske uttaledata):



Språket har ein litt spesiell nasal konsonant, la oss kalle han /N/, som i akkurat denne dialekten berre kan opptre i stavingsopptaktet, dvs. til venstre for vokalen, og då med uttalen [n]. Hokjønnsforma av adjektivet 'god' er ['buna] med [n] til venstre i stavinga [na]. Vokalen [a] her er bøyingsendinga for hokjønn. I hankjønn finst ikkje den endinga, og ein kunne ha venta ['bun:] eller liknande (lang [n:] av urelaterte grunnar), men det er ikkje dette vi får. Hankjønnsforma er i staden ['bū:] med nasal vokal. Mesteparten av den nasale konsonanten vert altså utelaten, men sjølve nasaliteten finst likevel, og legg seg på vokalen.

Ei klassisk segmentbasert tilnærming ville vere meir komplisert, for dersom nasaliteten t.d. er ein del av

konsonanten, så må ein framleis forklare at det er den synkronie og fonologisk motiverte konsonantutelatinga som utløyser vokalnasalering. Med strengt avgrensa segment skulle det å utelate konsonanten også ha utelate nasalitet, men det skjer jo ikkje her. Det viser seg òg at vokalen vert nasalert berre når konsonanten ikkje er der, dette heng altså saman. Når vi av ulike grunnar har former der ein nasal konsonant til samanlikning framleis er til stades, som i ['fimə] 'fjelltopp', ['ʃim:] 'fjelltoppar', ['an:] 'år' (sg. og pl.) og altså ['buna], får dialekten heller ikkje nasal vokal. Alt i alt lever nasalitet sitt eige liv, og vekslar i former som ['buna] og ['bū:] mellom å vere knytt til ein konsonant og å vere knytt til ein vokal, alt etter kva som er tilgjengeleg i den aktuelle posisjonen i stavinga.

Også norsk språkhistorie har døme på trekk som ikkje held seg innanfor segmentet sitt, t.d. omyldar, slik som eintalsforma *strand* mot fleirtal *strender*. I dag er dette ei reint morfoligisk vokalveksling. Men den historiske bakgrunnen for denne vokalvekslingen finn vi i den urnordiske fleirtalsforma som kan rekonstruerast som *strandiR*. Det fanst ein fonologisk finesse på den tida som gjorde at den fremre vokalen /i/ i endinga påverka den bakre vokalen /ɑ/ til å verte uttalt som ein fremre vokal à la [æ]. Den regelen finst ikkje lenger, men dei historiske forholda er i dag gjenspeglar av «e» i strender. På den tida var altså ikkje den fremre kvaliteten til /i/ avgrensa til sin eigen vokal. Liknande fenomen med vokalar som på visse vilkår påverkar kvarandre på avstand, finst i det synkronie språksystemet i mange nolevande språk.

Både einskildtrekk og grupper av trekk kan vere aktive i fonologiske prosessar i ulike språk, og det finst mange døme på slikt som vil vere vanskeleg eller meir omstendleg å behandle i strengt lineære modellar, der ein lyd er ein lyd, finst på éin avgrensa plass, og ferdig med dét. Segmentomgrepet er likevel praktisk å bruke, og det finst gode faglege grunnar til å ta vare på det. Ikkje minst finst fenomen som metatese, altså lydomskifting, som då *kross* vart til *kors* i delar av skandinavisk, eller når born vil ta på seg *stølvane*. Skal segment skifte plass på slike måtar, treng vi at segmenta faktisk finst i språkstrukturen. Men vi veit altså at det fiks ferdige og klart avgrensa segmentet ikkje er heile historia.

Og om det då skulle verke framandt at lydane altså ikkje treng å vere faste og einskaplege klumpar med

fonologiske trekk, så tenk på dette: I taleorgana finn vi den fonetiske kjelda til stemtheit på ein heilt annan stad enn kjelda til nasalering, osb. Det skulle ikkje overraske at ein kan finne spor av dette også i dei mentale representasjonane av lydsystemet, altså fonologien. Trekk- og segmentteori har forresten øg utvikla seg mykje dei siste førti åra, dette er ikkje dekt av gjennomgangen over.

PROSODI

Tonale vekslinger har vore viktige i fagutviklinga: Norsk er rettnok ikkje eit tonespråk, men har tonar. Tenk på den stigande tonen i vokalen i austlandsk *sol*, mot låg + høg tone i *sola*. Tonane her er ikkje knytte til vokalane men til stavingane, og i *sol* er låg + høg berre pressa saman på éi staving. Tonane lever altså sitt eige liv. Tonane er rettnok avhengig av å ha stavingar med lydar (segment) for å kunne høyrast, men dei kan fordele seg på desse stavingane avhengig av kor mykje lydmateriale som er tilgjengeleg. Det vert altså ein parallel til det lombardiske dømet med nasalar over.

Og sameleis som i dømet med nasalar over, så er det vanleg i tonespråk at ein tone overlever sjølv om stavinga (vokalen) skulle forsvinne, t.d. i ewe (Ghana): Possessivpartikkelen /ɸé/ er leksikalsk spesifisert for å ha ein høg tone, markert med akuttaksent i lydskrifta. Men partikkelen misser vokalen sin når substantivet etter byrjar på vokal, t.d. /awu/ 'klede', som berre har låge tonar. Dermed finst ikkje den stavinga lenger som skulle hatt høg tone. Men til saman vert dei to orda i fellesskap likevel uttalte [ɸáwu] i samanhengande tale, med høg tone frå den sletta vokalen, men no plassert fremst i substantivet (Motte 2013:80 og personleg). Vokalen frå det fyrste ordet vert altså uteleaten, men tonen finn seg ein annan vert.

Med autosegmental teori fekk vi på kjøpet ei solid utvikling av prosodisk teori også meir generelt, altså trykk, tonar, moraer, stavingar og større prosodiske domene. Vi har fått verkty til å analysere trykkplasering, intonasjon (setningsmelodi) og meir. Det lombardiske dømet over var eit samspel mellom stavingsstruktur og segmentalfonologi.

La oss ta endå eit døme frå norsk: I mange norske dialektar uttaler ein den bundne forma *bâten* som *bâ'tn* [!bø:tŋ] med stavingsberande [n] i siste staving, utan vokal. Det er derimot ikkje mogeleg å lage ei trykksterk staving utan vokal på norsk: *Smått om *snn fekk eg *vndt i *tnna mi.*

Dette òg er eit spørsmål for prosodien, i dette tilfellet det som fagsjargongen kjänner som ulike sonoritetstersklar for staving og fot (Zec 2003). Dette handlar om kor mykje klang, etter visse faglege definisjonar, som trengst for å få ei staving sånn generelt, kva som trengst for å få meir spesifikt ei trykkstaving, og eigenleg meir til. Slik varierer frå språk til språk, men i norsk er det altså slik at trykkstavingane insisterer på å innehalde ein vokal (mykje klang), medan trykklette stavningar kan nøye seg med visse slags klangsterke konsonantar (mindre klang enn vokalar). Igjen har vi altså eit samspel mellom prosodi og einskildlydar.

STODA I DAG

Fonologisk teori har vorte stendig meir typologisk orientert, og dreg såleis vekslar på innsikter frå ulike språk – og på allmenn fonetikk og andre fag – for å forstå kva som skjer. Dei siste litt meir enn tjue åra har ein også byrja å gå bort frå fonologiske reglar (at /g/ vert til [k] i ordet *trygt* fordi /t/ dikterer det), og har teke i bruk eit optimalitetsteoretisk rammeverk (at /g/ vert til [k] fordi dette er den minst uheldige løysinga i den aktuelle situasjonen) med eit meir direkte forhold til dei innebygde kreftene i fenomenet menneskespråk, uavhengig av kva syn ein måtte ha på trekk og segmentstruktur.

Eg skal ikkje utdjupe teorien i dette, anna enn at det dreier seg om å kartleggje dei språkspesifikke styrkeforholda mellom ulike og presumptivt universelle krefter i språket som kan trekke i kvar si retning. I dag kan ein knapt lese fonologisk faglitteratur utan å forhalde seg til optimalitetsteori.

Kvar vart det så av fonemet på vegon? Det finst framleis i kulissane, særleg på innføringsnivå og i språkfag der ein ikkje ser for djupt på den fonologiske materialet. Fonemet kan nemleg vere nyttig til sin bruk, m.a. gir det praktiske inndeiane oversyn over lydsystema i språk, og er ein viktig del av faghistoria. Ein må berre hugse at modellen hadde sine klare grenser og gav eit problematisk bilet av korleis språk oppfører seg. Slik vil det alltid vere med vitskaplege modellar, og også dei nyare teoriane og analysemadellane har sine utfordringar. Det skulle berre mangle. ●

LITTERATUR

- Carr, Philip & Montreuil, Jean-Pierre 2013. *Phonology*. 2. utg. Houndsills: Palgrave Macmillan.
- Chomsky, Noam & Halle, Morris 1968. *The Sound Pattern of English*. New York: Harper and Row.
- Dresher, Elan 2011. The Phoneme. I Marc van Oostendorp m.fl. (red.): *The Blackwell Companion to Phonology. Volume I: General Issues and Segmental Phonology*. Wiley-Blackwell, 241–266.
- Goldsmith, John 1976. *Autosegmental Phonology*. Doktoravhandling, MIT. New York: Garland Press, 1979.
- Jones, Daniel 1967. *The Phoneme. Its Nature and Use*. Tredje utgåve. Cambridge: W. Heffer & Sons.
- Motte, Mercy 2013. *Vowel Hiatus Resolution in Ewe*. Masteroppgåve. Trondheim: NTNU, Department of Language and Literature.
- Zec, Draga 2003. Prosodic Weight. I Caroline Féry og Ruben van de Vijver (red.): *The Syllable in Optimality Theory*. Cambridge University Press, 123–143.